

Skule:	Trinn:	Elevnummer	Kjønn:	Det første språket du lærte:
	7	5702	jente ☒ gut ☐	norsk ☒ anna ☐

Vennskap

Benedikte og Eva-here er bestevenner. Begge er tolv år og går på norsk skule. Den gamle, store, gule skulen har mange kjekke lærarar og elevar, og ute er det ein kjempestor leikeplas. Leikeplassen har mange reier og ei skliu, og ein stor fotballbane.

Dei to veninnene er naboar og besøker kvarandre kvar dag. Snakkar gjer dei, ja, i timesvis, kvar einaste dag. Av og til hender det at dei kranglar, dei kan krangle i fleire dagar, men vere perlevenner dagen etterpå.

Ein dag kjem det ei ny jente i klassen,

Skule:	Trinn:	Elevnummer 5702	Kjønn: jente ☐ gut ☐	Det første språket du lærte: norsk ☐ anna ☐
--------	--------	--------------------	---	--

ho heiter Dan og kjem frå Thailand, men
 ho har budd i Noreg i mange år.
 Benedikte og Eva-hene bryr seg ikkje, dei
 er gode venner og dei treng ikkje fleire.
 Dan går ofte aleine og ingen vil vere
 med ho. Kanskje det er fordi ho ser
 anleis ut eller snakkar rart. Ho snakkar
 med rar aksent. Når ho går forbi, hender
 det at dei to veninnene peikar på ho
 og ler. Då hender det at ho byrjar å
 grine og spring inn på jentedoen og
 gøymmer seg, andre gonger latar ho
 som om ho ikkje bryr seg i det heile.
 Men Benedikte og Eva-hene veit at
 ho blir lei seg og held fram med å
 plage ho. Læraren deira veit det ikkje,
 for Dan tør ikkje å sei ifrå om det.

Skule:	Trinn:	Elevnummer	Kjønn:	Det første språket du lærte:
		5702	jente ☐ gut ☐	norsk ☐ anna ☐

Dan er aldri med på leikar eller spel i friminutta. Bursdagsselskap er ho aldri invitert i, ikkje ein gong når heile klassen er invitert. Ho er ei einsam jente. Når skulen er slutt, går ho aleine heim medan Benedikte og Eva-hene går saman heim og set seg på senga til Eva-hene og snakkar. Rommet hennar er malt i ein fin, lyseblå farge som minnar om det stille havet på ein varm somardag. Og skrivepulten har ei glasplate som er gjennomsiktig. Senga er dekt med det finaste blå sløret, men rommet er lite og trangt. Når Benedikte skal overnatte der, er det nesten ikkje plass til madrassa hennar der. Men dei har det alltid gøy likevel. Når dei snakkar saman kan

Skule:	Trinn:	Elevnummer	Kjønn:	Det første språket du lærte:
		s702	jente ☐ gut ☐	norsk ☐ anna ☐

aldri kjede seg. Men så var det Dan da som hadde funne ut kvar Eva-hene bur. Ho kjem kvar dag og spør om dei skal like saman, men Eva-hene seier alltid nei. Då går Dan heim att og kjem att neste dag med eit høp om å få vere med Eva-hene. Familien til Dan har ikkje så masse pengar og Dan har ikkje så veldig fine klode av den grunn. Det er litt av grunnen til kvifor ho ikkje er så populær. Det er vanskeleg å passe inn på ein ny skule. Ein dag er Dan sjuk og er difor ikkje på skulen. Alle legg merke til at ho ikkje er der, fordi det er bråkete i klassen den dagen. Men ho er heime frå skulen i einveke før klassen får vite at ho ikkje lenger skal

Skule:	Trinn:	Elevnummer 5702	Kjønn: jente ☐ gut ☐	Det første språket du lærte: norsk ☐ anna ☐
--------	--------	--------------------	---	--

gå i klassen deira, ho skal flytte.
Benedikte og Eva-hene snakkar lenge
saman når dei kjem heim og blir einige
om at dei skal gå å vere med Dan. Dei
kjem til å savne ho. Då dei er hos Dan
fortel dei om alt dei har snakka om,
at dei berre har gjort det fordi dei var
misunnelege på ho. Og at dei kom
til å savne ho.

Då bestemte Dan at ho ikkje ville
flytte likevel. Mora hennar sa at det var
greit og då det vart fortald i klassen
vart det stor jubel. Dan gjekk aldri meir
åleine i friminutta etter det.